

# Årsmelding for idrettslaget Føyk IL 2022

*Laget har hatt desse tillitsvalde;*

Styreleiar	Bente Moe Svoldal
Nestleiar	Ingrid Larssen Sekse
Kasserar	Kari Sekse
Skrivar	Tale Hauso
Styremedlem	Oda Gjerde Tyssebotn
	Øyvind Andersen
	Irèn Lunde Sekse
Varamedlem	Audun Kvalnes
Idrettsmerkenemnd	Oda Gjerde Tyssebotn
Valnemnd	Jon Arne Sekse
Revisor	Randi Fresvik
	Magnus Steigedal



*I idrettsåret 2022 har me hatt fire styremøte, men mykje kommunikasjon gjennom vår interne Facebook-side.*

## Medlemmar

Registrerte medlemmar 2022 (2021)

Vaksne 132 (131)

Ungdom 32 (31)

Born 33 (38)

Det har vore ganske stabilt medlemstal siste året.

## Økonomi

I 2022 vart gapahuken ved Grannabryggjo ferdigstillt. Var bere småtteri som stod att av utgifter der i 2022.

Det vart ikkje kjøpt inn så mykje nytt utstyr, men på tampen av året var me så heldige å få kuldegrader og is på banen. I den forbindelse vart det kjøpt inn litt skøyter i ulike storleikar til utlån, som og barnehagen får nytta.

Hovudinntektene kjem frå medlemspengar, tippemidlar, lokale aktivitetsmidlar og kulturmidlar.

Økonomien i idrettslaget er bra, og i 2022 var det overskot på ca. 16.000 kr.

Viser til rekneskapen for utfyllande detaljar.

## Møter

Oda og Tale har hatt fleire møter i samband med utvikling av uteområdet på Sekse, både med barnehagen og med utviklar.

Bente hadde teamsmøte med Vestlands idrettskrets i mars og oktober, vedrørende søknadar og midlar, trenarkurs og reint idrettslag. Ho var og på årsmøte til Grannabryggjo for Føyk.

## Utvikling av uteplassen på Sekse



I haust har Oda og Tale jobba mykje med korleis me kan utvikla uteplassen på Sekse. Me ønskjer å gjere området attraktivt for alle. Me har tatt ein prat med leiarane i alle laga i grenda for å få inn innspel til planane, og vil halde fram med det i arbeidet vidare.

Me har hatt møte med barnehagestyraren og hatt gode møte på korleis me kan få til ein god uteplass, både for barnehagen og grenda.

Me har hatt kontakt med idrettsforbundet. Grunna nye reglar og at ballbingen byrjar å bli gamal så er det no mogleg å fjerne denne. Dette vil gjere det enklare å kunne utvikle heile området på ein betre måte.

Me ser for oss ein stor all-idrettsbane som og kan ha is på om vinteren, sykkelbane rundt denne og heilt ut til inngangen av barnehagen, ei utescene/sitteområde, treningsstativ og fleire leiker til dei minste ungane.

Me har fått eit selskap til å teikne forslag på korleis dette kan sjå ut. Vidare no er arbeidet inn mot kommunen og søke etter midlar der me kan. Dette vil vere eit stort arbeid som vil krevje mykje tid og god hjelp frå grenda til dugnad. Dette håpar me det vil bli stort engasjement rundt og av medlemmene våre.



(Førstekast teikningar)

## Treningstilbudet i 2022

### Barnehagetrimmen

Grunna korona starta ikkje barnehagetrimmen før 13.februar. Det vart gjennomført 7 treningar på vårparten på måndagar frå klokka 17-18.

17.oktober starta trimmen på hausten, også her vart det gjennomført 7 treningar. Dei siste treningane var på isen. Foreldra delte på ansvaret for trimmen, hovudsakeleg Gisle Haukelidsæter.

Oppmøtet har variert frå 3 ungar til 6-7 stykk. Men jamt over er det rundt 4, så ein bør prøve å tenke litt nytt. Har planlagt å få i gang meir uteaktivitetar som grilling/ettermiddagstur med mat til våren 2023.

### Idrettsskulen:

#### 1-4. klasse

På våren trente 1.-3 klasse saman på måndagane etter barnehagetrimmen. Oppstart var 7.februar og det var totalt 8 treningar. 3 av desse var klatring. Foreldre stilte opp som trenarar, og det fungerte bra. Har fått inn folk som sikrar når eg ikkje har klart å skaffe foreldre til det.

På hausten starta me opp 17. oktober, totalt 7 innetreningar og 2 treningar ute på isen. 2 av treningane inne var klatring. Ei trening vart avlyst i november grunna sjukdom.

På hausten var 1.-4. klasse saman. Men sia det er så mange andre aktivitetar på måndagar har det vore litt lite oppslutning. For å få betre oppmøte har me bestemt å endre dag til onsdagar eller torsdagar i 2023, med fleire aktivitetar som klatring, BARK, symjing, bowling.

#### 5.-7.klasse

Ein fin gjeng på snitt 4-7 stykk. Aktivitetar har vore klatring, ulike ballspel, styrketrening og symjing i Odda og bowling på Ullensvang hotell.

Våren 2022 var prega av covid, og ein del treningar vart avlyst grunna restriksjonar. Me slo saman treningane med dei yngste, men me kom i mål med nokre aktivitetar med desse som gruppe mot slutten av våren.

På hausten trente dei onsdagar klokka 18.00. Dette var ein litt dum dag, då mange var opptekne med andre aktivitetar. Me gjorde difor nokre justeringar i tidspunkt for våren 2023.

#### 7.-10. klasse

Det vart ein tur på bowling i vår for ungdommane elles har det diverre vore lite aktivitet for denne gjengen.

### Dametrim

Treninga starta opp måndag 21.februar, og har gått føre seg på måndagane klokka 19.00. Flinke Bodil har vore ansvarleg for damene si trening i år og. Veldig kjekt at ho vil ha treningane. Spesielt i

haust har det vore mange som har tatt turen for å vere med på sirkeltreninga. Fleire gonger har me vore mellom 10-13 stykk.



I 2022 vart det diverre ingen gubbatrim. Øyvind har ved fleire høve prøvd å få det til, men det har vore dårleg respons.

#### [Liatravaren 2022 og Vintertravaren 21/22](#)

Vinnarane av Liatravaren 2021 vart annonsert på 17. mai via video på Facebooksida vår og annonsert på 17.mai feiringa på Sekse. Vinnarane vart Anne Marie Korhonen, Bjørg Hovland Børve og Maja Øksnes.

Vintertravaren gjekk føre seg frå 15. desember 2021 til 01. april 2022. Der var det 721 innsjekk. Mest besøkt var Storelvi med 381 innsjekk. Vinnaren var Lars Hjartåker med 4000 poeng. Anne Marie Korhonen hadde 3460 poeng. Karl Arvid 1749. Beste born var Lire Sekse med 240 poeng.

Liatravaren 2022 hadde 40 deltakarar og 1880 innsjekk. Mest besøkt var Storelvi med 718 innsjekk. Me held fram med å annonsera vinnarane på 17.mai, men kan avsløre at vinnaren av sjølve Liatravaren har fått over 28 000 poeng!

## Aktivitetsdag i Tyssohallen

Søndag 30.oktober vart det arrangert aktivitetsdag i Tyssohallen i Tyssedal. Ein kjekk dag med 32 born som var med i aldersgruppa 1.-7 klasse. Nokre søsken frå barnehagen var og med. Det var mange foreldre som var med borna i hallen.

Arrangementet varte frå klokka 13.00-16.00. Ingrid, Bente, Tale og Iren var med frå styret. Iselin Sekse var med for å ordna med frukt og dømming i fotball, og Ida Vedvik var med for å sikra klatrarane.

Invitasjon vart sendt til skulen og vart del ut til alle elevane på Opedal skule. Det var born frå heile krinsen til skulen som var til stades på arrangementet. Litt færre born enn tidlegare som hadde samanheng med andre arrangement i bygdene same dagen. Dei som ikkje var Føykmedlemmer betalte kroner 50,- per born.

Det vart delt inn i tre stasjonar der me hadde klatring, turn/trampett og badminton/fotball. Ingrid og Bård hadde ansvaret for klatringa. Foreldre frå Føyk var med og sikra i veggen. Me leigde inn to representantar frå Tyssedal Turn og Idrettslag. Dei hjelpte oss med turn. Bente hadde ansvaret for badminton og fotball. Borna vart delt inn i grupper etter alder og hadde 40 minutt på kvar aktivitet.

Etter at alle borna hadde prøvd aktivitetane vart det pause. Alle hadde med eigne nister. Føyk serverte frukt og grønnsaker, i tillegg til kaffe og saft. Etter pausen fekk borna velje den aktiviteten som dei likte best og fekk drive på med den til arrangementet var slutt. Tyssohallen er super å leige. Alt er klart når me kjem og vask er med i leiga. Me treng berre å rydde etter oss ut. Eit kjekt arrangement som samlar born og vaksne.





## Skøyteis

Det vart fleire fine skøyteisdagar i år. Me hadde skøyteis frå 9. desember og som varte heilt til 17. desember. Den 14. desember hadde me grilling og avslutning med nisse. Me fekk til ein ny runde med skøyteis frå 2. til 6. januar. Det var mykje kjekk aktivitet på isen både på kveldstid og i helgene. Mange som tok turen. Me kjøpte inn skøyter og hjelmar til utlån. Tusen takk til alle som bidrog med brøyting og sprøyting!





### *(Artikkel i HF i romjula)*

Godt med fart på skøyteisen har det òg vore på Sekse tidlegare i desember.

Føyk idrettslag fekk hjelp av gode dugnadskrefter som både organiserte og tok det fysiske arbeidet med isen som er sprøyta på fotballbanen ved barnehagen.



Det var vinteridyll på Sekse i desember. Snøen vart skufila bort med handmoker av dei som brukte isbanen. Foto: Bente Svoldal

## **Jubileum- og dugnadsfest**

Laurdag 14.mai vart det arrangert jubileums- og dugnadsfest for heile bygda i Grannatun. På programmet var humorshow med Roar Brekke og livemusikk med gruppa E76. Festen var eit samarbeid mellom Føyk og Indre Austsio Grannalag.

Det vart selt 140 billetter til arrangementet, noko som betyr at det vart fullt hus. Allereie to veker før arrangementet var det utselt. Espe Grannalag selde mat, medan Grannatun stod for bar og vakthald.

God innsats frå alle involverte, og spesielt til Øyvind og Bente. Ein veldig kjekk kveld!





## Ferdig gapahuk

I mai vart gapahuken ved Grannabryggjo heilt ferdig. Tusen takk til alle i dugnadsgjengen som har stått sånn på for å få denne fine møteplassen ferdig.





### Info

Føyk har e-post adressa [foykil@gmail.com](mailto:foykil@gmail.com). Denne sjekkar skrivaren i laget. Føyk finn du og på Facebook og på nettsida [www.indreaustsio.no/foyk](http://www.indreaustsio.no/foyk).

*Børve 25.januar 2023*

*Skrivar Føyk*

*Tale Hauso*